

## Namnedag

14. mars: Mathilde, Mette  
15. mars: Christel, Christer, Chris

## JUBILANTAR

Dersom du ikkje ynskjer namnet ditt på jubillantlista, kan du reservera deg ved å senda e-post til sentralbord@avisa-hordaland.no eller ringja tlf. 56 53 03 00 seinast fire virkedagar før.

På denne sida vil me fortelja smått og stort frå der du bur. Kven er leiar i laget ditt etter årsmøtet? Har verksemda di fått ny leiar? Skriv gjerne minneord og omtale til årsmøtsdagar. Redaksjonell tekst og bilete til denne sida kan sendast til: redaksjon@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss.

**GRATULA**  
Kr 125,-. I Annonser faks 56 53 eller legg

dt  
minne

aturen i mars for  
r i sterk kontrast  
nilde mars  
plever i år.

lesarar, John  
ndt oss informa-  
tande kald mars  
n.  
ar hobbymeteo-  
le i Haugamoen  
e vinteren 1947.  
rs vart den kal-  
lette året – ifyl-  
lingar. Då viste  
minus 30 gra-

eraturen hadde  
inus 25 grader i  
r denne dagen.  
r vinteren snø-  
art påstått at på  
var det to meter  
le ha vore brukt  
å avdøde i jorda  
en, fortel John

ir  
t

uren denne ons-  
rådet Sveindalen  
køyrer forbi Hod-  
asjon til vinterpar-  
veindalen. Herifrå  
svegen på sørsida  
atnet, og vidare i  
ølsgrenda Øyaset.  
se. Lia oppom her  
erreng. På veg til-  
eltet i Sveindalen  
Øvre Sveindalen,  
ver, så kan me ta  
de i området her.  
g byr på lite utfor-  
pp og ned. Ein tur  
ft i eit år vinteren  
sjansar til skitre-  
igning om lag 100  
tillegg kjem even-  
lia. Total lengde

ORIL HUNNÅLVATN,  
VOSS UTFERDSLAG

# Myrkdalen vart heidra for nynorsk marknadsføring



**KJEMPAR FOR NYNORSKEN:** Kaia Finne frå Myrkdalen fjellandsby tok imot prisen frå Noregs mållag i helga. – Det at store bedrifter brukar nynorsk, gjev berre ekstra sjarm, trur ho.

**– Nynorsk er trendy! Utan den mister me identiteten vår, seier Kaia Finne i Myrkdalen Fjellandsby.**

I helga fekk Myrkdalen Fjellandsby tildelt målprisen frå Noregs Mållag, for arbeidet dei gjer med å bruka nynorsk gjennomgåande i heile bedrifta.

– Det er ikkje openbert at eit profilert skisenter eigd av store eigedomsinvestorar brukar nynorsk. Og det at dei brukar nynorsk også i marknadsføringa er veldig positivt, sa Knut Farestveit i mållaget då han delte ut prisen.

## A-ending eller e-ending?

Kaia Finne, som er marknadsdirektør i Myrkdalen Fjellandsby, fortel at ein slik pris heng høgt.

– Me har alltid vore ei nynorskbedrift. Men nynorskarbeidet vårt byrja for alvor for fire år sidan, då me fekk ny merkevareprofil. Då fekk me også nedfelt i strategien vår at me berre skulle bruka nynorsk, både innanfor bedrifta og også i kontakt med kundar, seier ho.

– Og no har me faktisk nett hatt ein diskusjon i marknadsavdelinga, om me skal bruka a-ending eller e-ending. A-ending vann, sa ho til høg jubel frå representantane i mållaget.

## Omsette alpinvitreglane

Mållaget vart merksame på Myrkdalen sin målretta nynorskbruk då skisenteret ville omsetja dei alpine skivitrepane frå bokmål.

– Då spurde me mållaget om hjelp. Me kunne jo ikkje ha dei på bokmål, seier Finne.

Ho innrømmer at dei har fleire bokmål-svin på skogen.

– Då hotellet opna, fekk me hengt opp fjellvitreglane på veggen med store bokstavar. Men også dei er på bokmål! Det er jo rett og slett pinleg, seier ho og ler.

Ho forsikrar om at desse også snart vil vera oversett til det rette målet.

– Me er alt i gang med denne prosessen. Her vil fjellvitreglane koma på nynorsk, det kan eg lova, seier ho.

## – Må kjempa for nynorsken

Finne trur at Myrkdalen hadde mista identiteten sin om dei ikkje hadde brukt nynorsk gjennomgåande, slik dei gjer i dag.

– Det hender me får råd om at det er lurare å bruka bokmål. Då får ein lettare treff i søkjemotorar, til dømes. Men me kan ikkje vera Myrkdalen om ikkje språket er med oss. Nynorsk er veldig trendy. Og me slåst for nynorsken kvar dag, seier ho.

Ho har også høyrte om bedrifter som vegrar seg mot å annonsere på nynorsk i frykt for å ikkje trefa nok i resten av landet.

– Men eg tenkjer at marknadsføring på nynorsk faktisk kan hjelpe oss. Me får ein eigen sjarm, og me har berre fått positive reaksjonar på det, seier ho.

## Oslo-nynorsk er uaktuelt

Det å bruka nynorsk i marknadsføringa kan også oppmuntra til å nytta vestlandsbedrifter i denne samanhengen, trur Finne.

– For me kan ikkje få tekstforfattarar frå Oslo til å skriva nynorsk for oss. Då vert språket altfor fjasete, med glorifiserte superlativ som me ikkje kjenner oss att i. Me må ha nynorskfolk som gjer jobben. Då vert det litt meir «ned på jorda»!

SARA FINNE | tekst og foto  
sf@avisa-hordaland.no

## Om husmorboka i biblioteket

**VOSS: Husmorboka, et gjensyn med Norges glemte arbeidsplass, heiter boka som Iris Furu har skrive.**

Torsdag 16. mars kjem ho til Voss bibliotek for å snakka om boka og husmorrollen.

Iris Furu har skriva bok om det gløynde husmoryrket, og forlaget Humanist presenterer boka slik: «En mor, en bestemor, en tante vi sjelden besøkte:

Vi husker husmødrene godt. Det lune fanget, stabelen med vafler, gardinene som ble byttet til jul. Men tenkte vi over at de hadde det som yrke? At hjemmet var husmorens arbeidsplass, og at forkleet hun gikk med var et jobbantrekk?».

På det meste var halvparten av alle norske kvinner husmødre. Dei arbeidde i heimen for å gje omsorg til andre, og tok ikkje ut løn eller ferie. Hushjelpene

forsvann etter krigen, og det var framleis mange år til kvinner inntok arbeidslivet for fullt. Kva var det eigentleg husmødrene gjorde dagen lang? Kva venta ein av dei, kva krav stilte dei til seg sjølve og korleis vart arbeidet gjort?

Denne boka handlar om innsatsen som vart lagt ned i dei små, kvardagslege gjeremåla. Det handlar om matpakkar, stiklingar og eimen av grønnsåpe som låg over norske heimar på femti- og

sektitalet. Iris Furu (f. 1985) har vakse opp i en familie der borddekking og sausekoking alltid har stått sterkt.

Ho har mastergrad i retorikk og arbeider i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. På fritida lagar ho gjerne epleliker (som blir ekstra god med litt kanel i).

MARIT NEERGAARD

**MAT  
UTDANNING  
HELSE**

**Ein menneskerett!  
Ring 22 22 22 99  
og bli fast giver.**

**KIRKENS NØDHJELP**  
Sammen for en rettferdig verden

■ Mir

Marta

Lett på fo  
Lett i krop  
Du og kat  
På Seimg  
alltid i vei  
Roleg og f  
Blid med  
gjerd.  
No er du b  
Eit godt h  
Ja, me un

■ Døc

Min l  
kjæ:  
morm  
syster,

Liv G

sovne  
Grar

Eina  
Mari  
Turi

Pede

Mari  
Ingr  
Edva  
Sara  
Eiril  
Bork  
Myn

Åne,  
Lear  
Malé  
Ida,

Asla  
Slek

Gravfer  
tysdag  
Alle sc  
grava e  
Like kj  
gåve til  
8200 01

Soi

Fag  
ette

Stoi  
bårebu  
og kc

Blon  
VANG  
T

ka

**BERIT L.  
JORDALEN**  
Gratulerer med  
dagen i dag!  
Glade i deg.

Helsing  
Arnt Olav  
og Linnea